

LOV OG EVANGELIUM

Gitt ut av Norsk Luthersk Lekmannsmisjon

Nr. 9

15. November 1986

22. Årg.

Ikke at jeg allerede har grepet det eller allerede er fullkommen

Filip. 3, 12.)

Doktor Swibelius sier: «Loven er noenlunde kjent av naturen, men evangeliet er en hemmelighet som er skjult for all fornuft.» Luther sier; Evangeliet er de kristnes største kunst og høyeste visdom, i det blir de skolegutter alle sine levedager; men,» fortsetter han, «likevel er den den slemme plagen ved det at ikke noe synes lettere og snarere lært enn dette, slik at så snart en har hørt eller lest noe om det, tror han seg straks å være mester og doktor i det, og vil nå høre noe annet, noe nytt.»

Slike mennesker som er utlært i sin egen innbilning, burde kjenne seg igjen på det at de ikke ofte tenker på evangeliet. Det er ikke om å gjøre for dem hvordan de mer og mer skal lære Gud og den han utsendte, å kjenne. De søker ikke å lære forsoningens store hemmeligheter å kjenne. De prøver ikke å høre og lese mer om

evangeliet, og ber ikke Gud om Åndens lys til det.

Men tvertom, når de treffer på noe riktig evangelisk, ventet de med en viss utålmodighet på at det skal være slutt, for at de kan få høre noe annet, noe nytt. Slike mennesker pleier også å tenke og si: Jeg vet nok om det jeg skal tro; jeg vet nok om *Guds nåde*, den er gitt en gang for alle, den saken er det rett nok med. Men se, det som *vi skal gjøre og være*, det gir nok å tenke på, for det skorter det alltid på, la oss få høre noe mere om det. Og så kommer de nettopp av denne grunn aldri riktig til det som de skal gjøre. De får aldri den rette *lyst* og *kraft*, fordi de aldri lærer å innse hva det er som føst og fremst mangler dem: selve *livet*, den sanne *omvendelse* og den sanne *tro*. De forstår ikke hvor helt igjennom fortapt det er med *oss og det som vi skal gjøre*. De

har aldri oppgitt troen på seg selv. Heller ikke har de noensinne opplevd *hva troen er*, eller hva troen og nåden virker. For da ville de ikke si at de har nok av det. Da skulle de heller komme til å tenke slik som Ordet og erfaringen lærer: Om jeg bare *kjente Gud*, så skulle jeg nok komme til å gjøre gode gjerninger! Da skulle jeg nok få lyst og kraft til det gode. Det er som Johannes sier: «Den som ikke elsker, han kjenner ikke Gud; for Gud er kjærlighet.»

De som mener de har fattet evangeliet tilstrekkelig, de har enda ikke lært dets første bokstav. Det er som apostelen sier: «Om noen tykkes seg å vite noe, han har enda aldri kjent noe slik som en bør kjenne det.» Dette gjelder særskilt om vår kunnskap i evangeliet. Evangeliet inneholder slike ting at den som ser det, makter ikke å tro det! Den som ha lett for å tro det, han ser slett ikke hva det inneholder. Riktig nok *forekommer det ham selv* at han kan se hva det inneholder. Han synes selv så sikkert at han forstår det at han kunne gjerne sverge på det. Men hele hans vesen motsier det. Det er sant som Luther sier, at den som riktig kunne fatte og tro det som evangeliet inneholder, han kunne ikke lenger leve her på jorden, men måtte dø av overvettes glede.

Sannelig, en ville ikke være så

kald og stiv og lite åndelig som disse utlærte og tilfredse åndene er; heller ikke ville det være så vanskelig å følge Kristus, elske, tjene og bekjenne ham, å lide og fornekte seg selv, hvis en riktig trodde det som evangeliet inneholder.

Se her er en av hovedgrunnene til at så mange aldri lærer og aldri kan komme til sannhetens erkjennelse! Jesus sa: «Ingen kjenner Sønnen uten Faderen, og ingen kjenner Faderen uten Sønnen og *den som Sønnen vil åpenbare det for.*» Hvis ikke Sønnen vil åpenbare det for et menneske, da er alt forgjeves. Like i forvegen hadde Kristus sagt hvem han *ikke ville* åpenbare det for – «du har skjult det for de vise og forstandige.» Det er skjult for slike som *ikke er uvitende* i egne øyne, men mener at de bare ved å studere og granske kan forstå evangeliet. Mange leser og hører evangeliet på samme måten som verdslig vitenskap, uten å bøye seg for Gud i det. For slike har det behaget Herren å skjule det. «Ja, Far,» sier Jesus, «således var det behagelig for deg.» Paulus var da vel en mester i å forkynne og tolke evangeliet tydelig og rett; men han mente slett ikke at det var nok for folket bare å høre hans tale og lese hans brever. Han mente tvertom at alt enda var helt og fullt avhengig av Guds åpenbaring, av at Gud ga «vis-

dom og åpenbarings Ånd.» Derfor ropte han sent og tidlig til Gud om det for sine menigheter.

Når det finnes mennesker som aldri føler trang til å be på den måten og bøye seg slik for Gud, og heller ikke søker med flid og iver i Guds ord etter kunnskap om evangeliet, men vet alt tilstrekkelig på forhånd – hvordan henger det da sammen? Kan det være annet enn at disse utlærte som forstår alt tilstrekkelig, i virkeligheten er blindet av djevelen, og døde, og at de først trenger til å lære de første begynnelsesgrunnene? Å, måtte de tenke nå dette i tide!

C. O. Rosenius.

Bladet Lov og Evangelium

Bladet blir sendt til alle som sender eksp., navn og adr.

Bladet blir halde oppe av frivillige gåver.

Eksp: O. Dyrøy, 5620 Tørvikbygd.

Telefon 05/558363

Alt som har med bladet sin eksp. blir sendt dit, som tinging, oppseiing og adresseforandring.

Gåver til bladet kan sendast kass. S. Bøhn postgiro 5 68 21 33

Red. Amund Lid, 5600 Norheimsund.

Tlf. 05/551080

Norsk Luth. Lekmannsmisjon

Form. Ragnar Opstad

Opstadv. 38, 4350 Nærbø Tlf. 04-433685

Kass. Sverre Bøhn, 5601 Norheimsund.

Postgiro 5 68 21 33. Bankgiro 3530.21.00932

ØYSTESE TRYKKERI A/S

Ved tro!

Gal. 3, 9-14.

I v 12 i denne teksten leser vi det klare utsagnet at loven har *ikke noe* med troen å gjøre. Det er sagtens mange som gir uttrykk for frykt, for at evangeliet skal forkynnes *for fritt*. At evangeliet kan forkynnes *galt*, som f.eks. til «syndenes tillatelse», det er en annen sak. Men for fritt? Nei, men saken er den at når evangeliet forkynnes så fritt som det i virkeligheten er, så beveger vi oss ut i noe, som vi utifra oss selv, ikke forstår (1 Kor. 2,9), da vi er født under loven og derfor utifra vårt naturlige menneske bare kan forstå *lovens vei i noen grad*.

Derfor må de henge noe lov på evangelieforkynnelsen, så det ikke skal bli «for lettvent». Det viser seg bl.a. i forkynnelse og lære om samarbeid med Gud i omvendelsen og i helliggjørelsen. Gjør du *ditt*, så vil Gud gjøre *sitt*. Det er bare det at Gud ikke hadde noe «sitt» å gjøre, men det var *ditt* Han gjorde. Videre viser det seg i dette, at jeg ikke skal få tro nåden i Kristus, før jeg *finder* frukten av Hans gjerning i meg eller ved meg. Av troen blir det frukt, det er sikkert nok, men det er ikke den som berger meg innfor Gud, og dessuten må treet og grenen være der *før* det kan bli noen frukt.

Skal jeg begynne å vurdere frukten, om den holder mål for Gud, da finner jeg, at jeg jo ikke kan finne ut av dette uten å ha en målestokk. Og det kan jo i denne sammenheng bare bli tale om en målestokk. Nemlig Guds! Og det er *loven!*

Når det gjelder evangeliet derimot, så er du selv og dine gjerninger ute av betraktning, for evangeliet handler nemlig om en annen og *Hans gjerninger*.

Men du som har de før nevnte tanker om evangelieforkynnelsen. Dette er veien du er på: Lovens vei! Og du mener evangeliet forkynnes for fritt, fordi du bare har loven i munnen. Du har aldri virkelig gått inn for å gjøre etter loven, fordi det aldri har gått opp for deg, at Gud krever *fullkomne* gjerninger. Du gjør så godt du kan sier du, og så får Gud tilgi og gi nåde for det du ikke makter. Men dette er ikke *veien!* For det første er det ikke noe menneske som gjør så godt det kan til enhver tid, og hør for det annet hva som sies i v 10 her: Forbannet er hver den som ikke blir ved i *alt* som er skrevet i lovens bok, så han gjør det! ALT! Til enhver tid- alltid *fullt og helt!* *En eneste* syndig tankefølelse, ord eller gjerning, så er alt tapt (Jak. 2,10). Og dessuten så har du jo *allerede* falt, og i loven er det ikke noe som heter tilgivelse, men bare *gjør det, da skal du leve*.

Hadde du hatt erfaring med dette, da hadde du sett etter en annen vei inn i Guds rike, og når du endelig fant den så ville du vitne om *det!* Altså ved det du hevder, åpenbarer du, at du ikke har denne erfaringen i lov og evangelium, og da er du ingen kristen! Det kan kanskje sies mye annet godt om deg, men en kristen, det er du ikke! For den kristne det er han som har tvettet sin kjortel og gjort den hvit i *lammets blod* (Åp. 7,14). Ikke noe i lammets og noe i sitt eget! Og tvettingen/renselsen skjer ved troen på Jesus. v 9.

Loven har ikke noget med troen å gjøre leste vi i v 12. Det ene utelukker altså det andre. Det er med andre ord to *motsetninger*, det er tale om. De hører ikke sammen. Begge skal forkynnes, men som motsetninger, og ikke blandes sammen. De er som natt og dag, lys og mørke. De har *ikke noe* felles, selv om de begge er av Gud.

Vi begynte med å nevne frykten for at evangeliet skulle forkynnes for fritt, mens problemet i virkeligheten heller er dette; at vi ikke makter å forkynne det så fritt som det i sannhet er. Vi forkynner jo en gjerning som er gjort! Et *fullbrakt!* Hvordan kan vi forkynne det for fritt? Men da kan vi altså bare fortsette å synde, er det vanlige omkvedet i denne forbindelse. Som Paulus fikk høre det dengang (Rom. 3,8), så

også i dag. Nei, *selvfølgelig*, kan du ikke fortsette i synden! Det som bragte Jesus til *korset*, hvordan kan du *leve* i det? Men hør hva Jesus i Joh. 16,9, fremfor alt holder for synd; at de *ikke tror på meg*. Så ser du hva det dypest sett vil si, å *leve i synd*. Din oppfatning røper jo bare, at du ikke har *hjerter-erfaring* i lov og evangelium, så du gjør deg rent menneskelige tanker om disse ting. Men den som har vært under lovens dom, med sitt syndige, vantro hjerte, og har «sett» hva Jesus måtte lide for det; han *lider* under synden. Så får verdens barn bare misbruke evangeliet, som de jo misbruker alt annet og. En kan ikke ta det *eneste* ordet vi kan bli frelst ved, bort for det! Og dette ordet, er Jesus i ditt sted! Den som i troen får se dette, han mottar Kristus med alt hva Hans er. Men ikke et menneske blir noensinne frelst, dersom noe blir krevd i tillegg til dette ordet. *En* betingelse, og *alt* håp er ute, for oss *alle*. Du mener kanskje *troen* er en betingelse, men troen den er først av alt, en *Guds gave!*

Er det så alvorlig dette her? Ja, sier Guds ord, er du skyldig loven en tøndel et *fnugg*, så kan du ikke få tilgivelse hos Gud! For, så mange som holder seg til lovgjeringer er under *forbannelse*. v 10a. Så alvorlig er det! Det har nemlig sin grunn i den sæd, djevelen sådde i det første menne-

ske, da han forledet de til å vantro Guds ord (1 Mos. 3, 4-6). Det var dette som stengte Israel ute i fra løfteslandet, og det er det som nå stenger deg ute. Nemlig vantroen! Les Hebr. kap. 4 i den forbindelse, og se hvem som går inn til hvilen, og hvem som stenges ute. Der er ikke tale om gjerninger, men om tro i motsetning til vantro. La det så være sagt, til den som strever med å «få det til å tro». Hør du bare Guds ord og la Han sørge for troen!

Vi kjenner vel alle til det lille nærmest «hemmelige håpet», til oss selv, ved siden av, det «levende håp». Dette skulle vi vokte oss for, som for selve fordervelsen, for det finnes nemlig ikke *noe* håp *ved siden av*, det håp Gud har gitt oss, og Han spøker ikke når Han gjør det klart for oss at vantroen stenger oss ute!

Vel, så hangler du deg igjenom på denne måten og håper at det nok skal gå bra. Så kommer din dag, dødsdagen, og på vekstkålen må du høre disse ord. Tekel! Veid og funnet for lett! Gå bort i den evige ild som er beredt for djevelen og hans engler (Mt. 25,41). Forkastet av Gud! Det er nemlig bare *en* som ikke er forkastet av Gud, og det er *Jesus*, og *de* som er *i Ham!* Hvor er nå din åndelighet, ditt kristenliv som du håpet på og satte din lit til? Nå går det omsider opp for deg, at *det hele* dreide seg om Jesus!

Men nå er det for sent! Forbannet er.... som ikke blir ved i alt som er skrevet.... v 10b. ALT! Ellers; forbannet er.... Det er Guds ord!

Du som leser dette og er i denne stillingen; måtte det gå opp for deg hvilken fare du svever i! Ifølge Guds ord, er det nemlig ikke den dagen du dør, du skal bli dømt, men du er *allerede* dømt, Nå! I Joh 3,18 står det at den som ikke tror er *allerede* dømt, og det oppgis *en* årsak, og det er; fordi han *ikke har trodd* på Guds enbårne Sønns navn. *Det* er årsaken! Som det er *ved tro*, vi går inn i Guds rike, så er det ved vantro, vi stenges ute. Her er overhode ikke tale om gjerninger, hverken gode, eller onde, men alene om tro eller vantro. Og det i forhold til *en person*. Nemlig Guds enbårne Sønn, Jesus Kristus!

Når vi nå leser dette ordet om, at loven ikke har noe med troen å gjøre, så la oss også spørre hva loven er? Jo, loven den er en *åpenbaring* av Guds hellighet. Slik er Han og slik vil Han at du skal være. Det er alt det Gud krever av deg, påbyr deg (du skal), forbyr deg (du skal ikke), og oppfordrer deg til, for at du skal komme i et rett forhold til Ham. Ethvert skal, bør og må! Og så kan vi lese verset om igjen....loven har *ikke noget* med troen å gjøre.

Det er nettopp her bedraget

kommer inn, og det er nettopp denne *lære* som ikke blir tålt. At *alt* vårt eget blir satt til side og ikke blir regnet med. Og det er nettopp her det er så snart og så farlig å trå feil. Det er ikke så farlig med lære sies det fra enkelte hold i dag. men det er «opplevelsen» det kommer an på. Slå opp i en bibelordbok på lære, lærdomsform osv. så skal du se det klart, at de ikke har Guds ord med seg på det. Hvem kan vite hva som er rett, uten en rett lære? Og hvem kan verge seg mot *vrang* lære, dersom han ikke kjenner en *rett* lære? Paulus profeterer i 2 Tim. 4 om en tid, da de ikke skal tåle den *sunelære*, og det er nok det mest tenkelige, at det er oppfyllelsen av denne profetien vi ser i lærelikegyldigheten i dag. Noen støtte i Guds ord har de ihvertfall ikke. Tvertimot! Det blir advart imot det!

Noe som en opplever svært mye av i dag, er det som nærmest kan kalles kristen «verving». Bare du *vil* være en kristen så er *det* greit. Det som bare skal til da, er at du blir satt i funksjon. Dette er et bedrag som blomstrer opp som en følge av at den sunne lære blir borte. Hvem vil bli en kristen utifra seg selv? Det er ingen som *vil* det! Det er nok mange som gjerne vil bli, det de tror, er å være en kristen. Særlig hvis tilbudet er godt nok og passer til det aktuelle behov. Det er jo nød av mange slag iblant da-

gens mennesker, og vi skal få lov til å komme til Herren med alt. Men vår legemilige, psykiske eller sosiale nød, er ikke vår dypeste og egentlige nød, og å få hjelp for disse ting, er ikke det samme som frelse, i betydningen gjenfødelse. Vår egentlige nød, er at vi står som syndere med en gudfiendtlig natur, innfor den hellige Gud, uten noen mulighet til å

forandre på det. Så det å bli en kristen forstår du, det blir du ved at ditt eget *dør*, og du får liv i en annen, og hvem vil det? Bare den som har kommet inn i Guds lys med sitt liv, og der ser sin sanne fortapte stilling, tar imot Guds frelse.

(Forts. neste nr.)

Av Einar Kristoffersen

Nokre tankar kring naturgåva og nådegåva

Framh. frå forr. nr.

Ved Amund Lid

Her er det stor skilnad på naturgåva og nådegåva. Ved hjelp av dei naturlege gåvene kan me i det kristne arbeidet bli akta, æra, bli populære og opphøgde av mange menneske, avdi dei naturlege gåvene er utan krossen sin dårskap og anstøt.

Nådegåvene derimot vil føra deg inn i trengsla og liding, og du lyt rekna med å bli vanvyrd og rekna for inkje – ein som folk held seg undan. For slik var det for Jesus medan han var her på jorda. (Es. 53,3), og han sa sjølv at slik ville det også bli for læreseveinane hans, for tenaren er ikkje større enn meisteren.

Dette vitnar også skrifta klart. «For dykk vart det unnt, for Kristi skuld – ikkje berre å tru på han, men og å lida for hans skuld, med di de hev den same

strid som de såg eg hadde, og no høyrer at eg hev.» (Filipp. 1, 29).

No gleder eg meg yver mine lidingar for dykk og utfyller i mitt kjøt det som enno vantar i Kristi trengsler, for hans lekam, som er kyrkja, som eg vart tenar for etter det Guds hushald som er meg gjeve millom dykk.» Koloss. 1, 24.

Slik lyt også du rekna med at det vil bli for deg, om du er tru mot evangeliet. Du må ikkje undrast – som om det hende deg noko underleg, når folk ikkje toler deg, forfylgjer deg og talar vondt om deg, for slik gjorde dei med profetane og Guds barn som var til før dykk. Les 2. Timot, 3, 8-17 og Filipp. 1, 27-30.

I slike tider hjelper det å tenkja på Jesus, kva han måtte lida og tola for di skuld. «Ja, tenk på

han som tolde slik motsegn av syndarar imot seg, so de ikkje skal trøytna og verta modlause i hugen!» Hebr. 12, 3. Det er deg unnt å lida det som enno vantar i Kristi lidning for dei som ikkje er frelst og for Kristi lekam, som er menigheten. Det er nåde frå Gud.

Me har nå sett at nådegåvene tilhøyrer menigheten, at det er ved dei åleine at Gud frelser oss, oppeheld oss i trua og byggjer Guds rike i mellom oss.

Avdi Guds rike er eit åndsrike, så er det åleine den som er fødd av Anden og som har fått Andens openberring og gåver, som kan sjå dette rike og tena i dette rike.

Kjem menneskeleg organisasjon i staden for Andens samfunn, og menneskelege evner og midlar i staden for åndskraft og ånds-midlar i vårt arbeid i Guds rike, då endar me i naturleg religiøsitet. Då er kjærleiken borte, og me er ingen ting, og det gagnar ingen ting, for i Kristus Jesus gjeld berre tru som er verk-sam i kjærleik.

«Og eg, brør, då eg kom til dykk, kom eg ikkje med meisterskap i ord eller visdom og forkynnte dykk Guds vitnemål. *For eg vil ikkje vita noko anna hjå dykk enn Jesus Kristus og han krossfest*. Og eg var hjå dykk med vanstyrke og med otte og med mykje hjartebiv. Og min tale og mi forkynning var ikkje med visdoms yvertalande ord, men

med provføring av ande og kraft, so trui dykkar ikkje skulde vera grunna på menneske-visdom, men på Guds kraft». I. Korint. 2, 1-5.

Og Guds kraft er ordet om krossen, «for ordet om krossen er vel dårskap for dei som vert fortapte, men for oss som vert frelste, er det ei Guds kraft.» I. Korint. 1, 18.

Å byggja ein kristeleg organisasjon, det kan me gjera med arbeidrar som har naturlege gåver til å samla midlar og fremja det ytre arbeidet og å få folk i arbeid. Då vil ofte ein med nådegåver bli ei hindring.

Men vil me at folk skal bli frelst – atterfødd til liv i Kristus, – og byggja Andens samfunn i mellom oss, då treng me Andens kraft og gåver til å forkynna ordet om Jesu kross for ei fortapt slekt.

Korleis skal me så gå fram i det praktiske livet, for å nytta det som skrifta lærer oss, og få nådegåvene inn i tenesta og arbeidet vårt?

Det første blir spørsmålet om *kven me skal senda ut som forkynnarar*.

Her må me ta oss i vare for å sjå etter talegåver, skulegang, kunnskap eller lærdom, og setja det først. Dei gamle såg etter *om dei hadde gneisten*. *Det vil seia om dei eig den Heilage Ande*, og om dei er driven av han, at dei kjenner løyndomen i trua – Kri-

stus komen i kjøt. Dette er mykje viktigare enn all verda sin visdom, kunnskap og lærdom.

Dernest kven forkynnararen har lærdomen sin frå, om han er lærd av Gud, ved erfaring i livet av Guds Ande og ord sin gjerning, han som døyder og gjer levande. Ingen kan forkynna lenger enn han har erfare i sitt eige liv.

Den lærdom me har eigna til oss ved hjelp av forstanden og andre menneske si forklaring, den har liten verdi i eit åndsrike, som Guds rike er. For eit naturleg menneske kan ikkje sjå eller kjenna, ta imot eller gi vidare, det som høyrer Guds rike til, for det vert dømt åndeleg. I Korint. 2, 1-16.

Dei må også ha fått gáva til å bringe det vidare til andre. Manglar den får du ikkje tak på noko av det som er forkynt, for det er tomt og åndsforlate. Men der Anden og nådegáva er, *der er det ordet som grip deg*, og du får både av det som er sagt og du ser andre ting som talaren ikkje har nemnt. «Det er Anden som gjev liv, kjøtet gjer ikkje noko gagn.»

Det andre som blir aktuelt for oss er å *velja leidarar for kristenflokken, formann, forstandar, eldste eller kva me no kallar dei*.

Kva skal me sjå på og leggja vekt på her? Skal me sjå etter ein som er så rund at han ikkje støyter nokon men blir told av alle? Ein som har menneskelege talegáver

og leidargáva, eller ein som har høve til å ta imot forkynnarane i heimen sin? Ein som er rik, har bil, eller er slik stilla at han kan møta til styremøta - og møta utan reisepengar?

Nei, her talar Guds ord klart, og vi ser oss at me treng ein med nådegáva til å leida. Hyrde og lærargáva, med hyrden sitt sinn og omsut for den eine og for flokken. Som har omsut for si eiga sjel, og for sine eigne, for kor kan han elles ha omsut for Guds barn. Ein av dei som har noko å gi til sjelene, «ein som eig løynsdomen i trua i eit reint samvit, er dugleg til å læra frå seg, er ula-stande, mann til ei kvinna, edrueleg, visleg, verdig, gjestmild, ikkje hardhendt, men godlynt, ikkje stridsam, ikkje pengekjær, ein som styrer sitt eige hus vel.» I Timot. 3.

Driv aldri agitasjon for å få inn den du vil, og høyr aldri på andre som det gjer, for det høyrer verda til og ikkje Guds rike. Men be Gud om å gi dykk den han vil, gi di stemma til den du trur har fått gáva til å vera leidar, utan å rådføra deg med andre enn Gud. Då vil Gud syta for at dei rette kjem i leidinga.

Kor lenge skal så ein leidar vera i tenesta? Her får ein ofte det inntrykk at det er innført verneplikt, at det er ei tung oppgåva me må bytast om å bera. Kor lenge sat profetane og apostlane i tenesta? Så langt eg skynar

skrifta, så sto dei i tenesta til Gud løyste dei og sette andre inn i standen.

Du som har fått slik tenesta frå Gud, sei aldri frå deg for å berga deg frå å bli sett utanfor, det kan du trygt over lata til Gud og samfunnet av Guds folk. Gud veit å setja inn ein ny når di tid er forbi.

Kven skal så leida møta og samvera våre? Mange stader er det praksis at styrelemene leider møta kvar sin måned. Andre stader når møta er i heimane er det vanleg at den som har møtet, leider. Dette trur eg er ei menneskeleg ordning, som ikkje er etter Guds ord. For det står skrive: «Og sidan me hev ulike nådegåver, alt etter den nåden som er oss gjeven, so lat oss, om me hev profetgåva, nytta henne etter som me har tru til, eller om me har ei tenesta, syta for den tenesta, eller om ein er lærar, so lat han syta for lærarryrket, o.s.v. Rom. 12, 6-8. Etter dette skulle det verå klart at Gud vil at den han har gitt gåva og kall til å vera leidar, han skal også leida møta.

Det har like mykje å seie for møte at leidaren er leida av Anden, som at den som forkynner er det. Det er ei herleg oppleving når me får merka at den Heilage Ande leider og legg til rette alt frå den første songen og til den siste i eit møte. Då får me sjå Herren, og blir glade, me som apostlane. Då går me heim att frå møtet, og ut i tenesta, med eit

fornya syn og tru på Jesus, nytt sinn, nytt håp og ein ny bodskap.

Som det siste i desse tankane om nådegåva og naturgåva, så vil eg nemna at i det heilage samfunnet høyrer eldre, unge og born saman. Eg trur at det å skilja barn og unge i frå samfunnet i eigne grupper, det har gjort stor skade i Guds rike. Dei høyrer alle saman og treng om einannan.

Tenk om me skulle gjera slik i menneskesamfunnet her på jorda? Det ville først øydeleggja heimen – Guds ordning – og dei unge ville aldri klara seg utan foreldra og dei eldre si hjelp.

Men på det åndelege område blir det gjort, og skadeverkna den uteblir ikkje.

Så ta heile familien med deg til møta, til påskemøta og sumarskulane, og kvar me kjem saman. Det er ei oppleving å sjå ein slik samling frå spebarn til gamle i støvets år. Slik hadde nok Gud tenkt det skulle vera, men så kjem menneske inn med sin visdom, sine tankar og menneskelege gåver.

Her trur eg Gud har gitt oss ei oppgåva, å prøva samla det som er skilt.

Slutt.

Kva ser du Jeremias?

Slik spør Herren kvart menneske og i dag. Ingen slepp undan dette spørsmålet. Alle lyt og gjeva svar, sjølv om munnen teier. Tenk å få eit slikt budskap frå Herren. «Før du kom ut or morsfanget, helga eg deg, til profet åt folket sette eg deg.» Då vil Jeremias ha eit ord med i laget, og sa: «Å, Herre, Herre! Sjå eg kan ikkje med å tala, for eg er så ung. Då sa Herren til meg: Seg ikkje, eg er for ung! Men til alle som eg sender deg til, skal du gå, og alt det eg byd deg skal du tala. Ikkje ottast dei! For eg er med deg og vil berga deg, seier Herren. «Jer. 1. 4-8.»

Dette står ved lag og i dag. Herrens ord kom, og det kjem til oss og lyder slik vi har lest. Kalla, utvalgt til å verta Guds barn, og til å vera hans medarbeider på jord.

Når Guds ord kjem, då skjer det alltid noko. Nokon høyrer og tek i mot, sjølv om ein seier: Dette tør eg ikkje tru, lita på, eller våga meg ut på. Tenk om eg tek feil? Men då seier Herren og i dag: Legg ut på djupet, og set ut garna dykker, so de kan få fisk. Dei fekk erfarar sanninga av det dei høyrde i ordet frå Herren. Det vert ein stor fangst, og ein ydmykande fangst. No kom vant-rua i sitt rette lys. Peter ropa: Gå bort frå meg Herre, eg er ein syn-

dig mann. Slik det lydde til Jeremias, vert det ogso her. Ver ikkje redd å gjera etter ordet, for he- retter skal du fanga menneske.

Det er mykje snakk om forkynninga, om den er slagkraftig, tidsaktuel, aktivierande og i pakt med notida sin tankegang og levemåte. Der ordet frå Herren nådde til hjarta, og erfarte lovens dødbringande slag, og nådens livgjivande ord, der er frihet. Bare slike kan vera Herrens sanne sendebud.

Det fløynde over av falske profeter på Jeremias sin tid. Herre sa til meg: «Lygn spår profetane i mitt namn, ikkje har eg sendt dei, og ikkje bede dei, og ikkje tal til dei, lygn-syner og runing og fåfengeleg tale, og sitt hjartens svik, det er det dei spår åt dykk. Jer. 14,14. Eg sende ikkje profetane, men enda sprang dei av stad. Eg tala ikkje til dei, men enda spådde dei. Jer. 23.21. Mange vilde høyra det som passa best i deira samtid. Det var først og sist fråfallet frå Guds lov og bud som ikkje var so fårleg som Jeremias spådde.

Sjå, Herrens ord har vorte til spott blandt dei, dei liker det ikkje. Dei liker ikkje Herrens ord, det som er sjølv sanninga, lyset og livet. Herrens ord, er reine ord, liksom sylv som er rensa i ei

digla i jorda, sju gonger skirt. Salme 12.7.

Herrens lov er fullkomi, ho kveikjer sjæli. Herrens vitnemål er trufast, det gjer den einfalde vis. Herrens fyresegner er rette, dei gled hjarta, Herrens bodord er reint, det lyser opp augo. Herrens age er rein, han stend æveleg ved lag. Herrens lover er sanning, dei er rettferdige alle samen. Dei er kostelegare enn gull, ja fint gull i mengd, og søtare enn honning, ja honning som dryp av vokskakone. Salme 19. 8-11.

Det budskap bøygde Jerimias seg under. Og Herren sa til han.: Vaka vil eg over mitt ord så eg set det i verk. «Han set det i verk til frelsa, og til dom. Guds ord var kjærte for Jerimias, høyr kva han seier.: Eg fann dine ord og åt dei, og dine ord vert til fryd for meg og til fagna for mitt hjarta; for eg er oppkalla etter ditt namn, Herre allhers Gud. Jer. 15. 16.

Det er nådestunder når Herrens ord kjem til menneske. Tenk om folk vilde tru det! Nei, då vert det sagt: Det er domsprofeter, de er sjølv gode farisearar som ikkje toler andre menneskje. Det er evig sanning frå Jesus. «Kom i hug det ordet eg sa dykk.» Ein tener er ikkje større en Herren sin, har dei forfylgt meg, vil dei forfylgja dykk og, har dei halde seg etter mitt ord, vil dei halda seg etter dykkar ord og. Joh. 15. 20.

Ordet kjem som lov og evangelium, med dødsdom over all synd og vantru, over det naturlege menneske. Men då reiser menneske seg til protest, undskyldning, bortforklaring og eigne tanker og veger. Har du ikkje kjent dette av eiga erfaring? Det var so mykje som batt deg til denne verda, vener, og først og sist til eigenviljen. Banda var so sterke. Men so fekk du og erfara det tveegga sverde som skar deg laus frå desse ting. Ordet frå Gud kom med liv og lekedom for alle syndesår, så du fekk hug til å halda deg etter Herrens ord. Ordet som tukta og dømde, men ogso ordet som seier. «So langt som aust er frå vest, let han våre misgjeringer vera borte frå oss. Han som tilgjev all di skuld, som lekjer alle dine sjukdomer, han som løyser ditt liv frå grava, han som kryner deg med nåde og miskunn.» Desse orda kom til David frå Herren. Det virka slik hjå han at han seier: Lova Herren, mi sjel og alt som i meg er, lova hans heilage namn.

Sluk virker nådeordet endå i dag. Kva ser så du i ordet som kjem til deg frå Herren? Ser du deg utestengd frå nådelivet i Herren? Eller kan du seia: Eg fann dine ord og åt dei, og dine ord vert til fryd for meg, og til fagnad for mitt hjarta, for eg er oppkalla etter ditt namn, Herre allhers Gud. Ja, kalla med barnekårs namn. Sjå lenge på dette ordet som kjem til deg frå Herren.

Odd Dyrøy

Løyndomen i evangeliet

(Efes. 6, 19-20)

Paulus bed efeserne at dei må be «for meg med, at det må verta gjeve meg ord når eg opnar min munn, so eg med fritt mod kan kunngjera *løyndomen i evangeliet*, den som eg er sendebod for i lekkjor, at eg må tala med frimod om han, soleis som eg bør tala».

Kva er så løyndomen i evangeliet? Det svarar Guds ord på i Kollos. 2, 2-3: «For eg vil at de skal vita kor stor strid eg hev for dykk og dei i Ladiokea - for at hjarta deira må verta trøysta, so dei vert samanknytte i kjærleik og vinn fram til heile rikdomen av det fullvisse skyn, til kunnskap um *Guds løyndom, det er Kristus*, han som alle skattar av visdom og kunnskap finst løynde i.» «Og som kvar må sanna, stor er Løyndomen i gudsfrykta: Han som vart openberra i kjøt, rettferdiggjort i ånd, sedd av englar, forkynt millom folkeslag, trudd i verda, uppteken i herlegdom.» (1. Timot. 3, 16). Svaret er altså: Kristus komen som menneske, Menneskesonen, som han kalla seg sjølv. Dette hadde vore løynt frå evige tider, men blei openberra for hans apostlar, og forkynt ved dei til verdesens ende.

Så er det vel ikkje lenger nokon løyndom? Nei dei fleste hev

vel høyrnt det forkynt, og veit om det og hev lært det ved sin forstand, men *utruleg få hjarto* kjenner denne løyndomen. Det kan kvar den som hev fenge augo og øyro opna så dei kjenner løyndomen i Kristsus, konstantera når dei lyder på vitnemål og bøner i dei kristne forsamlingane.

Så spør du kanskje: Korleis skal eg læra å kjenna løyndomen i evangeliet: Fyrst må eg få seia at berre ved å lesa og høyre Guds ord, kan den bli openberra for ditt hjarta, ved å gå i den truande forsamlingen der Guds ord blir forkynt. Den som vender seg frå Guds ord, og held seg borte frå Guds folk, kan aldri bli frelst. Dei dreg seg unna til fortaping, seier Guds ord.

Dernest må du høyra Guds tale, og gi det rett i hjarta ditt, det Gud forkynt om oss menneske: «Ingen er God, som skrive stend: Det finst ingen rettferdig, ikkje ein einaste; det finst ikkje den som er vitug, det finst ingen som søker Gud. Alle er dei avvikne, dei er duglause vortne alle i hop; det finst ikkje nokon som gjer godt, det finst ikkje ein einaste ein». (Rom. 3, 10-18).

Berre den fatige, skuldige og bundne og fortapte kan få evangeliet sin løyndom openber-

ra for hjarta, og det er hjarta som må sjå fridomen i Kristus og derved læra å kjenna løyndomen i evangeliet. Kanske eit lite bilete kan vera med å klargjera det for oss.

Under gudstenesta i ei av våre kyrkjer, var ein liten fugl komen inn og flaug omkring i kyrkja og leita etter utgang til det fri, mens mange augo fylgjer fuglen. Fuglen flyg upp under taket og mot vindaugo, der han trudde det var veg ut i naturen, man kvar han forsøkte seg støytt han mot glastruter eller vegg. Til slutt var han så utarma av alle utvegar han trudde på og prøvde, så han forsto ingen ting og klara ikkje meir og fall ned på kyrkjegolv. *Der frå*, såg han ein open utveg han ikkje hadde sett der oppe frå, ei open kyrkjedør, og han flaug ut i fridomen og der han hørde heime.

Slik er det og med eitt menneske som Gud vekkjer upp frå syndesvevnen, så det ser det må bli frelst. Av naturen er me slik som fuglen at me trur me må koma oss opp og burt frå det me ser me er, for å kunna bli anerkjent av Gud og menneske. Me prøver alle dei utvegar me ser, og hører forkynt, for å bli eit anna og betre menneske. Du hører forkynt: «Tru på den Herre Jesus, så skal du bli frelst». Så strevar du og kjempar for å få det til å tru, utan at det vil lukkast og utan at hjarta finn kvile og fred.

Så les eller hører du: «Gud står dei stolte imot, men dei audmjuke gjev han nåde». Der ser du veien, og du kjempar imot ditt stolte sinn, og prøver å bli audmjuk. Korleis går det? Jau du ser at du er stolt og blir verre, og audmjuk er du ikkje. Andre har høyrte at berre dei som er knust og elendig, kan bli frelst og har rett til å tru på Jesus, og så strevar dei for å bli elendig og knust, utan at dei ser at dei byggjer si tru på si elendigheit og følelse av å vera knust i steden for Jesus. Andre søkjer tegn og under, og flyr etter eit kvart «lærdoms verder det skjer noko». Mange fleire kunne nemnast, men sanninga om dei alle er at det er å byggja si eiga rettferd, og det blir inga frelse, fred og kvile av det. Her kjempar mange menneske med seg sjølv, utan å sjå løyndomen. «Stig ned frå den sjølvgjorde høgda og gråt hjå din frelsar i legda, so skal du hans kjærleik få kjenna», syng salmisten.

Kva er så feilen? Jau løyndomen er at du strevar og kjempar med *feil person* og på feil måte, utan å gi akt på Guds ord, og leitar der du trur utvegen er, og ser ikkje at der ingen utveg finst blir di erfaring.

Du ser på *deg sjølv*, og *strevar med deg sjølv*, og trur at du kan bli *frelst ved deg sjølv*. Korkje di tru eller di audmjukheit, eller det å vera knust og elendig, kan frelsa deg. Eg skal visa deg ein

betre veg: I staden for å søkja disse tinga, skal du fylgja Guds ord og anvisning, og søkja å bli rein i tanke, ord og gjerning. Søk å bli rettferdig for Gud ved å halda Guds ord og bod i alle ting, å bli fullkomen, for det forlangar Gud når du skal møta Gud ved deg sjølv. Og eg skal lova at du skal ikkje ha noko vanskar med å bli skuldig og elendig og å bli audmjuka for Gud. Den som gjer etter Guds ord og blir i Guds ord, han skal læra sanninga å kjenna, og sanninga frigjer, seier Jesus, for den fører deg til Jesus, og den som Sonen får frigjort, han blir verkeleg fri.

Jesus er døra «kyrkjedøra», som fuglen såg og slapp ut gjennom. No må du ikkje mistyda det slik at det er nok å gå inn kyrkjedøra eller bedehusdøra, for mange går gjennom dei dørane utan at hjarta kjenner løyndomen i evangeliet. Men der kan du få høyra Guds ord, og Jesus seier: «Kom til meg og høyr, så skal sjela di leva»! Me får ta fram att ordet: Tru på den Herre Jesus så skal du bli frelst. Korleis skal eg få det til å tru, feste du deg ved. Skal du koma til å tru på Jesus må du kjenna han og høyra om han, for berre det kan skapa trua i hjarta. Fest deg ved og søk Jesus i staden for trua, så vil du koma til eit ganske anna resultat. Jesus er døra inn til frelse, barneskår hjå Gud, og ingen kjem til Faderen utan gjennom han. Og

han møter du åleine i og gjennom Guds ord.

Eg ville så gjerne hjelpa deg dit løyndomen finst. Paulus ba om forbønn at det ville bli gitt han *Ord* når han opna sin munn, så han kunne forkynna løyndomen i evangeliet. Gå rette veien til Guds ord! Les Bibelen, gå der Guds ord blir forkynt, gå der Guds folk samlast om ordet og vitnar om Jesus. Gå ikkje til dei store og der mange samlast, men gå til dei få som samlast på småmøta, til dei ringe og forakta, til dei som blir ille omtala, for der er det mest truleg du møter Jesus.

Jesus seier at der to eller tre er samla i mitt namn, der er eg midt i blant dei. «For sjå på dykkar kall, brør: Det var ikkje mange vise etter kjøtet som blei kalla, ikkje mange mektige, ikkje mange høgætta; men det som var dårleg i verda, det valde Gud seg ut so han kunne gjera dei vise til skammar, og det som er veikt i verda, det valde Gud seg ut, so han kunne gjera det sterke til skammar; og det som er lågt i verda og vanvyrdt, det valde Gud seg ut, det som ingen ting er, so han kunne gjer det til inkjes som er noko.» *1. Kor. 1, 26-28.*

Spring ikkje etter det som er populært, søk ikkje det som er stort i verda sine augo, det som blir tala vel om, for Guds ord seier: Ve når alle folk talar vel om dykk! For på same vis for

fedrane deira åt med dei falske profetane. De kjære, tru ikkje kvar ei ånd, men prøv åndene om dei er av Gud, for mange falske profetar hev gjenge ut i verda. 1. Johs. 4,1

Amund Lid

Bered deg til å møte din Gud

«I dag er dette skriftens ord oppfylt for deres ører...»

(Luk. 4,21)

Har du sett at mange av de situasjonene vi opplever i dag er noe som Bibelen har forutsagt for lang, lang tid tilbake? Tenk bare på situasjonen omkring Midtøsten, befolkningsekspløsjonen, krig, jordskjelv, frafall fra Gud osv.

Men Jesus kom og forkynte frihet og fred midt i vanskelige tider. Hans komme var forutsagt og idag er det oppfylt. Gjennom ham går vegen til det evige livet, i det himmelske riket, for *enhver som tror*.

Men endel ting er ikke oppfylt enda. Mye tyder riktignok på at også oppfyllelsen av de aller siste ting nærmer seg. Og til disse hører Jesu gjenkomst, forføgelser i stadig større omfang, Herrens dom. Så bered deg til å møte din Gud!

H.C.H.

